

SV vil ha eit dokumentasjonssenter for Palestina

Vedtatt av SVs landsstyre 6. juni 2026

Palestinarane på Gaza og Vestbreidda blir utsett for eit folkemord. Gaza har blitt lagt i ruinar for å gjere området ubueleg for palestinarane. Israel gjennomfører drap, tortur, ulovleg fengsling og anneksjon av palestinsk land for å fordrive palestinarane. Palestinsk historie og kultur blir forsøkt utradert.

Dette har kunna skje med direkte og indirekte støtte frå vestlege land. Dei fleste vestlege statsleiarar har i beste fall kome med tannlause verbale protestar.

Trass i ein global solidaritetskampanje mot folkemord og for palestinarane har propagandaapparatet til Israel fått mykje gjennomslag. No må sanninga om folkemordet og den palestinske historia kome fram.

SV vil ta initiativ til å opprette eit dokumentasjonssenter i Noreg om dei israelske overgrepa mot palestinarane frå 1948 og framover, etter modell av fred- og menneskerettsentera. Som motvekt til eit massivt propagandaapparat treng vi sterke faginstitusjonar, gjerne knytt til universitets- og forskingsmiljø, som kan dokumentere og lagre dokumentasjon om folkemordet.